

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

I samband med RS 119/16 «Svar på oversending - pilotprosjekt med batteridriven hurtigbåt» oppmoda **Roald Kvamme (A)** Hordaland fylkeskommune om å vere aktive m.o.t. å søkje om midlar for å få til eit pilotprosjekt. Det kan eventuelt verte gjennomført i samarbeid med Rogaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil undersøke dette nærmare.

I samband med RS 113/16 «Spørsmål frå fylkesutvalet om revisjon av småkraftplanen og oversyn over utbygde vassdrag» bad **Tom Sverre Tomren (MDG)** om å få eit heilskapleg oversyn over småkraftverk. Fylkesrådmannen vil leggje fram eit slik oversyn.

I samband med RS 114/16 «Fylkeskommunale garantiar til Rogfast/Hordfast - Svar på spørsmål» spurde **Tom Sverre Tomren (MDG)** om korleis bompengar vil verke inn på garantiar i ein framtidig ny region og kven som eventuelt vil sitje med kva for del av gjeldsbyrda. Fylkesrådmannen svarte at dei tre aktuelle fylkeskommunane vil utarbeide ei totaloversikt knytt til både økonomi og garantiar.

I samband med «RS 116/16 Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa» spurde **Tom Sverre Tomren (MDG)** om det er mogleg å dele løyvedistriktet Hordaland i fleire delar. Fylkesrådmannen vi kome tilbake med svar.

I samband med RS 126/16 «Fråsegn til begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune» sette **Aud Karin Oen (SV)** fram slik protokollmerknad:

«Gjennomgåande kollektivfelt innarbeidast som del av reguleringsplan på firefeltsveg.  
Kollektivelta visast i plankartet og innarbeidast i planbestemmelsane. Ny bru dimensjonerast for framtidig bybane.»

I samband med RS 127/16 «Tidsdifferensierte bompengar i fellesferien» spurde **Silje Hjemdal (FrP)** om det er nødvendig å kome med konkret forslag til endring av ordninga dersom ein ikkje ønskjer tidsdifferensierte bompengar i fellesferien. Fylkesrådmannen stadfesta dette ved å vise til at bompengeordninga ikkje opnar opp for å differensiere bompengetakstane i høve til årstider og feriar. Endring føreset ny politisk handsaming mellom anna i fylkestinget.